Haram Næring og Innovasjonsforum

www.hniforum.no

180424-05 www.hattenbs.no

# Årsmelding
## 2017

Haram Næring og Innovasjonsforum

Med fokus på entreprenørskap, innovasjon, ny teknologi og forretningsutvikling

Med fokus på entreprenørskap, innovasjon, ny teknologi og forretningsutvikling

Administrasjon

Guttorm Ulla

Inger Synnøve Remme

# Årsmelding
## 2017

Haram Næring og Innovasjonsforum

Haram Næring og Innovasjonsforum (HNI) er både medlemsorganisasjon og kommunen si næringsavdeling. I dag har HNI 57 medlemmer, og vi arbeider aktivt for å få fleire.
Både bedrifter, organisasjonar og enkeltpersonar kan vere medlem. Sjå www.hniforum.no

ADMINISTRASJON:

| | |
|---|---|
| Dagleg leiar | Guttorm Ulla<br>Tlf. 900 65 060 guttorm.ulla@haram.kommune.no |
| Næringsrådgjevar | Inger Synnøve Remme<br>Tlf. 994 24 139 inger.synnove.remme@haram.kommune.no |

STYRE

| | |
|---|---|
| Arild Eiken | Sparebank 1 SMN – styreleiar |
| Anne Seth | VARD Group |
| Asbjørn Rogne | Rolls Royce Marine |
| Kjell Norvoll | Nogva Motorfabrikk AS |
| Jan Petter Hagen | Rolls Royce Marine |
| Per Erik Dalen | ÅKP |
| Vebjørn Krogsæter | Haram kommune |
| Fredrik M. Hessen | VARD Brattvåg |

Arild Eiken

Anne Seth

Asbjørn Rogne

Kjell Norvoll

Jan Petter Hagen

Per Erik Dalen

Vebjørn Krogsæter

Fredrik M. Hessen

## Haram som næringskommune

Av sysselsette i Haram er 42,9% å finne i industri, noko som plasserer Haram mellom kommunane i landet med høgast prosentvis sysselsetting. Kommunen har dei siste åra hatt vekst i folketalet (9312). Arbeidsinnvandring er hovudgrunnen til det, og i 2017 var det 1547 (16,6%) innvandrarar i kommunen. Det er stor utpendling frå Haram (1434) – dei fleste til Ålesund. Men innpendlinga (935) er og stor. Haram er kjend som ei kommune med mangeårig tett samarbeid mellom kommune, skule og næringsliv. Det vert satsa på tilrettelegging for næringsutvikling og nyskaping.

I 2017 starta arbeidet med Nordøyvegen. Dette fører til optimisme og nye mulegheiter for næringslivet og folket i Haram og Sandøy.

## Region i endring

På mange område skjer det endringar i dag som gjer at vi må tenkje regionalt i kommunalt næringsarbeid. 01.01.2020 vil Haram vere ein del av Nye Ålesund kommune. Korleis vil den nye kommunen arbeide for næringsutvikling, og kan vi få til like godt samarbeid som vi har hatt med Haram kommune?

Naturgitte og kulturelle føresetnader gir regionen alle mulegheiter til å utvikle marin og maritim næringsklynge. Satsing på forsking og utvikling fører til enno fleire måtar å skape verdiar frå det vi i dag kallar Havrommet. Både som følgje av dette, og for å få større breidde og mangfald, vert det satsa sterkt på å skape nye og attraktive arbeidsplassar i regionen.

NTNU i Ålesund er ein viktig faktor for utvikling av ny kunnskap i samarbeid med næringslivet. Like eins er det viktig at dei vidaregåande skulane har god kvalitet og har relevante studieretningar. Regionen skal vere god på næringsnær utdanning.

Utdanning, forsking, innovasjon og nyskaping vert oftast kobla til høgskule og universitetsmiljø. I dag investerer bedriftene i teknologi for å vere konkurransedyktige. Men teknologi er lite verdt utan høg kompetanse hos tilsette. Dyktige og kyndige fagarbeidarar er avgjerande for at bedrifter skal lykkast i å ta i bruk ny teknologi best muleg. Korleis kan bedriftene verte konkurransdyktige ved å satse på kompetanse og samarbeid om utvikling av kompetanse?

Vi engasjerer oss i utviklinga av regionen og av Ålesund som by. Dialog og samhandling mellom offentleg og privat sektor vil vere viktig for å skape konkurransekraft i regionen. Strategisk arbeid i fellesskap med prioriterte tema arbeider vi for å få til.

Effektiv transport er viktig for bedriftene, og skaper større bu- og arbeidsmarknadsområde.

## Prioriterte oppgåver og arbeidsfelt

Kjernen i arbeidet vårt er vertskapsattraktivitet – at kommune og bedrifter er attraktive for menneske som vil noko. At vi kan tiltrekkje oss kompetanse og nyetableringar – og ikkje minst at unge menneske vil bu her.

## Næringsutvikling

### 1. Rammevilkår for medlemmene

Vi har god kontakt med bedriftene gjennom besøk og lokale møte. Vi har to medlemsmøte i året. Hamnsundsambandet og Nordøyvegen er viktige saker for medlemmene våre. Vi tar opp saker som medlemmene melder til oss.

### 2. Langsiktig næringsutvikling

Vi arbeider tett saman med kommunen om arealplanlegging.
Effektiv transport er viktig, og vi har arbeidet aktiv for Hamnsundsambandet og Nordøyvegen. Vi har oppretta og driftar Nordøyportalen (www.nordoyportalen.no) for at lokale bedrifter kan bli synlege og få oppdrag når arbeidet med Nordøyvegen er starta opp.

### Haramskonferansen 2017

vart arrangert for femte gong i 2017. Med 262 deltakarar og topp program vart konferansen svært vellukka. Statsminister Erna Solberg og leiaren i Rolls Royce Marine AS saman med lokale bedrifter gjorde at konferansen både hadde nasjonal tyngde og lokal relevans. Samarbeidet med Ingebrigt Davik-huset om å engasjere professor Frank Aarebrot sette spiss på konferansen. Vi fekk svært gode tilbakemeldingar frå deltakarane, og vi hadde godt samarbeid med sponsorane – spesielt hovudsponsor Sparebanken Møre bidrar aktivt. Haramskonferansen er konkret, praktisk og nyttig for bedriftene i tillegg til å vere ein attraktiv møteplass.

RoboTek AS viste seg fram på Haramskonferansen, og fekk mellom anna besøk av statsministeren. HNI er aktive i prosjektet, som har som mål å fremje bruk av ny produksjonsteknologi og å auke kompetansen i bedriftene. RoboTek deltar i utviklingsprosjekt og skaper møteplassar for deling av kunnskap.

### 3. Entreprenørskap og gründerhjelp

Haram kommune har sidan 2007 hatt avtale med Hoppid.no og Møre og Romsdal fylkeskommune om lokal gründerhjelp. Funksjonen er lagt til HNI. Vi tilbyr hjelp i oppstartsfasen, og vi bidrar til at gründerar kjem i kontakt med andre som kan hjelpe dei vidare. Vi samarbeider med inkubatoren i ÅKP, Innovasjon Norge og andre. HNI er sakshandsamar av Næringsfondet i Haram, og vi har avtale med Ungt Entreprenørskap om entreprenørskapsopplæring i grunnskulen. Vi er medlemmer i Ungt Entreprenørskap.

## Kompetanse og rekruttering

Dette har vi arbeidd med sidan tidleg på 1990-talet. Vi vil synleggjere karrieremulegheiter i lokalt nærings- og arbeidslivfor ungdom, og arbeide for at Haram vidaregåande skule (HVS) har aktuelle og gode utdanningsprogram. Vi er opptatt av å samarbeide med Opplæringskontoret i Haram for å styrke fagopplæringa og å rekruttere til yrkesfag. Ungdomsskulane har planar for faget Utdanningsval som skal skape god overgang frå ungdomstrinn til vidaregåande. Vi har faste møte to gongar i året med rådgjevarane, HVS og Opplæringskontoret. RoboTek AS har tatt ansvar for å utvikle kompetanse innan framtidas produksjonsteknologi.

Vi arrangerte Forskerfabrikkens sommerskole i juli 2017 i samarbeid med Sparebanken Møre og Rolls Royce Marine AS.

## Språk og integrering

I Haram er 16,6% av innbyggarane innvandrarar. Mange av dei har for dårlege norskferdigheiter. I 2016 og 2017 gjennomførte vi norskkurs for rørleggjarar i VARD, slik at dei kan ta norsk fagbrev. Det står nokre att som skal ta den praktiske prøva i 2018, men alle bestod teoridelen. I 2017 starta vi opp norsk prosjekt for ungdomsskuleelevar som er barn av innvandrarar med vekt på norsktrening knytt til arbeid med fag – og for 10. trinnet planlegging av vidare utdanning og arbeid.

## Samarbeidspartar

**Medlemsbedriftene er viktigaste samarbeidspart. Vi er opptatt av å ha kontakt via besøk og lokale møte. Vi tar gjerne lokale saker som bedriftene kjem med.**

### Haram kommune

Vi har samarbeidsavtale  som sikrar at forumet arbeider med næringssaker i tråd med kommunens strategiplan. Kommunen gir driftsgaranti til HNI. Vi arbeider med samarbeid skule næringsliv og entreprenørskap for grunnskulen. Ordførar Vebjørn Krogsæter er styremedlem i valperioden.

### Haram vidaregåande skule

I over 20 år har vi arbeidd saman med HVS for å styrke skulen sitt næringslivssamarbeid. Tekniske Almenne Fag (TAF) er det mest kjende resultatet av samarbeidet. Fagopplæring, internasjonalisering, entreprenørskap og realfag/teknologi er prioriterte område for samarbeidet. Vi arbeider saman med kommune og bedrifter for å bidra inn mot skulen sitt strategiarbeid. Målet er ein skule med kvalitet i opplæringa og med relevante utdanningsprogram.

### Opplæringskontoret i Haram

Vi samarbeider med OK Haram om rekruttering til yrkesfag, og vi har felles interesse i ein sterk vidaregåande skule i Haram. Vi samarbeider også om kompetanseutvikling innan nye område i fag – t.d. robotisering. Målet er bedrifter som er god læringsarena for ungdom.

### Ålesund Kunnskapspark – ÅKP

ÅKP har styreplass i HNI, og vi søkjer å finne område av felles interesse som vi samarbeider om. Eit døme er Haramskonferansen. Inkubatoren i ÅKP er ein naturleg veg vidare for aktuelle gründerar i vårt Hoppid.no-system.

### NTNU i Ålesund

Vi har samarbeidd med NTNU i Ålesund i prosjekt og om Haramskonferansen. NTNU er ein viktig aktør for å bidra til forsking og utvikling i næringslivet. NMK har bidratt til eit særs innovativt og spennande miljø på Campus.

### Møre og Romsdal Fylkeskommune

Fylkeskommunen har fleire satsingsfelt som er samanfallande med våre. Det er naturleg for oss å søkje samarbeid med fylkeskommunen i prosjekt, og fylkeskommunen har vore medfinansiør i ulike prosjekt. Det er avtala samarbeid med Hoppid.no og Ungt Entreprenørskap (entreprenørskapsløypa.

### Næringsforeningen Ålesundregionen, MAFOSS, Maritimt Forum Nordvest, NHO

Dette er og aktørar vi har godt samarbeid med, og som vil verte viktigare framover for utvikling i regionen.

# Medlemsbedriftene

Mørehus AS
Rolls Royce Marine, Longva
Rolls Royce Marine, Brattvåg
Sparebanken Møre
Haram Industrier AS
Intentus AS
Brattvaag Electro AS
Nogva Motorfabrikk AS
Gunnar Mydske
Effekt Revisjon AS
Pharma Marine AS
Vikestrand og Søvik AS
Økonomisenteret AS
Brattvåg Mekaniske Verksted AS
Åkre Rekneskap AS
Hatlehols AS
Norbert Engeseth AS
Haram kommune
NorthWestCoast AS
INVI AS
Uksnøy & Co
Sunnmørsmat AS
NorWest AS
Aco Anlegg AS
Safe at Road AS
Gunnabuda
Stall Skjeljavika
Vatnesenteret
Hummarsteinen AS

NORDEA, avd. Brattvåg
VARD Brattvaag
VARD Søviknes
VARD Electro AS
VARD Piping AS
VARD Accommodation AS
Ulmatec Pyro AS
Marine Ingredients AS
Mørenot AS
Martin Uggedal AS
Samfjordkvartalet AS
Leif Hofseth AS
LAG Invest AS
Sparebank 1 SMN
System-Electro AS
Robotek AS
ÅKP
Haram vidaregåande skule
Ulla Maritime AS
Midtnorsk Brannsikring AS
Brattvaag Marine Services AS
Roar Korsnes AS
Pumpefabrikken AS
Anne Venke Myren
Hjelseth Transport AS
Koralhav AS
Emineo AS
SunnTrans AS



Haram Næring og Innovasjonsforum

# STRATEGIPLAN 2015–2020

FORMÅL: Haram Næring og Innovasjonsforum skal arbeide for å fremje eit konkurranse-dyktig og allsidig næringsliv og attraktivt lokalsamfunn i Haram. Forumet skal vere eit ressurssenter for læring og stimulering til ideskaping og næringsutvikling i regionen og vere kjent for tett samarbeid med Haram kommune, utdanningsinstitusjonar og andre instansar og organisasjonar på lokalt og regionalt nivå.

INTERESSENTAR

VÅRE LEVERANSAR

- Arbeide for å sikre gode rammevilkår for medlemmene våre
- Vere ein pådrivar for utvikling av bedrifter,utdanningsinstitusjonar og lokalsamfunn
- Vere aktiv for meir samspel i regionen

ARBEIDSPROSESSAR

NÆRINGSUTVIKLING

1. Ta tak i saker som gjeld ramme-vilkår for medlemmene og vere pådrivar for gjennomføring
2. Ta tak i arbeid med langsiktig næringsutvikling i eit lokalt og regionalt perspektiv
3. Stimulere til entreprenørskap og rettleiing av gründerar gjennom drift av hoppid – kontor og kommunalt næringsfond

KOMPETANSEUTVIKLING

4. Ta tak i kompetanse- og rekrutteringsarbeid for lokalt næringsliv
5. Styrke Haram vidaregåande skule – ein viktig premissgjevar for lokalt næringsliv
6. Ta ansvar for og delta i samarbeid mellom regionale aktørar innan kompetanse og rekruttering

INTEGRERING AV ARBEIDS-INNVANDRARAR

7. Aktiv i gjennomføring av utviklingstiltak i prosjekt LUK og Bulyst
8. Sikre utvikling, gjennomføring, vidareføring av integreringstiltak
9. Aktiv i samarbeid med andre aktørar for å sjå integrering av arbeids- innvandrarar i eit regionalt perspektiv

ORGANISASJON & KOMMUNIKASJON

- Sikre nødvendig kompetanse
- Ivareta og bygge relasjonar lokalt, regionalt og nasjonalt
- Informasjon til medlemmer og media
- Sikre finansiering til dagleg leiing, drift og prosjekt